

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Plan og miljø

Dato: 27.03.2026
Vår ref: 26/00116-8
Dykkar ref:
Sakshandsamar: Edgar Vegge
Telefon: +47 38358506

Høringsfråsegn: søknad om Kleivebekken småkraftverk i Kvinesdal kommune, saksnr. 202311118

Me syner til høyring på søknad om Kleivebekken småkraftverk. Forvaltningsutvalet handsama saka på møte i går og vedtok denne høyringsfråsegna:

Forvaltningsutvalet i Kvinesdal meiner at behovet for ny fornybar kraft veg tungt, og støttar utbyggingsforslaget. Utvalet har desse innspela:

- *Avbøtande tiltak knytt til forureining og avrenning av partiklar og organisk materiale i anleggsperioden bør skildrast i detaljplan for miljø og landskap.*
- *Reirkasser for fossefall bør vurderast som eit ekstra avbøtande tiltak.*
- *Minstevassføringa må ikkje verka inn på kommunen sine grunnvassbrønnar og vassforsyninga i det kommunale nettet. Dette temaet må bli undersøkt på førehand.*
- *Detaljane rundt kor røyrgata skal liggja i området med høgdebassenget og lavvoen, og korleis ein skal gjera anleggsarbeidet, må avklarast saman med verksemd for teknisk drift og Fjotland barnehage.*
- *Minstevassføringa bør liggja på minst 20 l/s for å redusera konsekvensane for naturmiljøet. Viss det viser seg at dette er for lågt med tanke på grunnvassbrønnane, må kravet vera høgare.*
- *Sikringsavstanden til Kleivebakken bustadfelt må vera stor nok til at tiltaket ikkje går ut over dei regulerte tomtene.*

Utskrift av saka følgjer som vedlegg.



Med helsing
Edgar Vegge
skog- og miljørådgivar

Brevet er elektronisk godkjend og har derfor ingen signatur.

Kopi til: KLEIVEBEKKJEN KRAFT AS, Øvre Kvinlog 41, 4473 KVINLOG

Vedlegg:

Saksutskrift - Høyring på søknad om Kleivebekken småkraftverk